



Møtebok for Ulvik fjellstyre

Stad: Møterom hjå Hardanger Energi, Ulvik

Dato: 28.03.2023

Klokkeslett: 18:00 – 20:30

Tilstades på møtet

Medlemer:

Knut Sygnestveit, Stig Yngve Røkenes, Atle Ulgenes, Kåre Olai Solheim,
Johannes Sponheim

Sekretær:

Ole Rune Røkenes

Saker til styremøtet:

13/23: Meldingar

14/23: Orientering v/styreleiar

15/23: Orientering v/sekretær

16/23: Forslag til Forskrift om atferdsreglar og parkering på og ved Tinnhølvegen i Eidfjord kommune

17/23: Etablering av stiftinga Redd villreinen

18/23: Eventuelt

Publisert: 16.04.2023

Underskrifter

Me stadfestar at møteboka er rett:

Knut Sygnestveit/s/

Stig Yngve Røkenes/s/

Atle Ulgenes/s/

Kåre Olai Solheim/s/

Johannes Sponheim/s/

13/23: Meldingar

Saksdokument:

Postjournal:

2023.14.02-434.4 Ulvik herad - Løyve til skutertransport Storurdi - Finse, Bjarne Øydvin.
2023.14.02-434.4 Ulvik herad - Løyve til skutertransport i samband med filminnspeling, Storm Adventures, October Films AS.
2023.15.02-434.4 Ulvik herad - Løyve til skutertransport Rundavatn - Hallingskeid, Ulvik RKH
2023.15.02-612.9. Hardangervidda villreinutval - Høyring bestandsplan for villrein, perioden 2023-2025
2023.15.02-612.9. Statsforvalteren for Oslo og Viken - Invitasjon til oppstartsmøte ifm tiltaksplan for villrein, Hardangervidda
2023.21.02-434.4 Ulvik herad - Revidert løyve til skutertransport Rundavatn - Hallingskeid, Ulvik RKH
2023.21.02-612.9. Hardangervidda villreinutval - Initiativ for å begrense ferdsel på nordvestvidda under kalving og oppvekst.
2023.22.02-434.4 Ulvik herad - Løyve til skutertransport Finse - Grjotrøst, Arne Os
2023.22.02-011.5. Skarverennet - Invitasjon til møte 7. mars, Finse
2023.25.02-012.1. Ulvik fjellstyre - Møtebok frå møte i Ulvik fjellstyre, 21.02.2023
2023.25.02-011.5. Skarverennet 2023 - Sikkerhetsplan, Sikkerhetsvurdering, Sikker jobbanalyse.
2023.28.02-434.4 Ulvik herad - Løyve til skutertransport Finse - Sandå, Bjarte Bakke Austrheim
2023.28.02-434.4 Ulvik herad - Løyve til skutertransport Finse - Sandå, Kristin Hope
2023.02.03-434.4 Ulvik herad - Løyve til skutertransport Finse - Såta vaktarbolig, Grethe Teigland
2023.02.03-434.4 Ulvik herad - Løyve til skutertransport Finse - Fokstova, Tor Grini
2023.02.03-434.4 Ulvik fjellstyre - Løyve til skutertransport i samband med arbeid på Telenormast Finse, UBConnect.
2023.06.03-612.9. Ulvik fjellstyre - Høyringssvar til bestandsplan for villrein på Hardangervidda, 2023-2025
2023.06.03-012.1. Øvre Numedal fjellstyre - Møtebok Øvre Numedal fjellstyre, møte 21.02.2023
2023.06.03-012.1. Øvre Numedal fjellstyre - Møtebok Øvre Numedal fjellstyre, møte 27.02.2023
2023.06.03-012.1. Fjellstyra på Hardangervidda AS - Møtebok frå møte i Fjellstyra på Hardangervidda AS, møte 22.02.2023
2023.09.03-612.9. Eidfjord fjellstyre - Tiltak for å bedre reinens tilgang til kalvingsområde, vår-og sumarbeite på nordv.vidda
2023.16.03-434.4 Ulvik herad - Løyve til skutertransport Finse - Høgda vaktarbustad, Henriette Rolland
2023.16.03-434.4 Ulvik herad - Løyve til skutertransport Finse - Lågheller, Nina Luhr
2023.16.03-434.4 Ulvik herad - Løyve til skutertransport Finse - Lågheller, Henni Urdal
2023.16.03-434.4 Ulvik herad - Løyve til skutertransport Hallingskeid - Saata vaktarbustad, Geir Teigland
2023.17.03-434.4 Ulvik fjellstyre. Revidert løyve for skuter og tråkkemaskin, vinter 2022 og 2023, Ove Henry Sævartveit
2023.17.03-001.5. Hardangervidda villreinutval - Invitasjon til årsmøte 14. april 2023
2023.17.03-001.5. Hardangervidda villreinutval - Invitasjon til vårmøte 15. april 2023
2023.21.03-434.4. Ulvik herad - Løyve til skutertransport Finse - Grjotrøst, Arne Os
2023.21.03-434.4. Ulvik herad - Løyve til skutertransport Finse - Sandå, Terese H. Bjørnstad
2023.21.03-612.9. Hardangerv villreinutval-Svar på søknad frå villr.nemnda vedr bestandsplan villrein, 23-25
2023.24.03-001.5 Hardangervidda villreinutval - Kvoteforslag villreinjakt, Hardangervidda 2023
2023.27.03-434.4. Ulvik fjellstyre - Løyve til skutertransport Viermyr - Sankebu Austdalen, Nils Tore Skjærdal

Saksutgreiing:

Orientering v/sekretær om saker og aktivitet sidan sist møte i fjellstyret (21.02.2023) og fram til møtedato.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Sekretær gjekk gjennom meldingane, og orienterte om saker og aktivitetar sidan sist møte den 21.02.23.

Vedtak (sak 13/23):

Fjellstyret tok gjennomgangen til orientering.

14/23: Orientering v/styreleiar

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Orientering v/styreleiar.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Styreleiar gjekk gjennom saker og aktivitetar sidan sist møte 21.02.23. Mellom anna har leiar delteke på møte den 7. mars i samband med Skarverennet 2023. Møtet vart halde på Finse. Det er viktig at fjellstyret deltek på desse møta i framtida. Leiar er i kontakt med Statkraft angående bygging av båtslipp ved Rundavatnet og om mogelegheita for å flytta fisk (konsesjon) frå Langavatnet til Rundavatnet.

Arbeider på Sankebu i Austdalen er snart ferdig. Det vert no lagt nytt tak på tilbygget til hytta, og det er lagt på ny plate på golvet under vedovnen. Fjellstyret vil sjå på mogelegheita til å leiga ut hytta, primært i sommarsesongen. Bruksberettiga (Skjerdal) er positiv til dette. Fjellstyret vil ta kontakt for å få til eit godt samarbeid om dette. Det vert utleige utanom Inatur.

Leiar og fjelloppsynet (O. Røkenes) har vore to turar til Finsebu (10. februar og 24. februar) i samband med tilsyn og vedlikehaldsarbeid. Det er gjennomført årleg branntilsyn. Ei seng er reparert med ny gavl og botnen er forsterka. Det har vore utfordringar med toalettet denne vinteren då varmekabel ved oppsamlingseiningane er ute av drift (jordfeil). Dette må utbetrast

av elektrikar til sommaren. Inntil no har me ei løysing som fungerer, men det krev hyppigare tilsyn enn vanleg då det er mykje utleige av hytta.

Vedtak (sak 14/23):

Fjellstyret tok gjennomgangen til orientering.

15/23: Orientering v/sekretær

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Orientering v/sekretær.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Sekretær gjekk gjennom invitasjon til vårmøte i villreinformvaltninga på Hotel Ullensvang den 15. april og invitasjon til årsmøte i Hardangervidda villreinutval den 14. april. Alle styremedlemmer i Ulvik fjellstyre ynskjer å møte 14. eller 15. april, eventuelt begge dagane. Dei som ynskjer overnatting, tingar dette sjølv ved å kontakte villreinutvalet.

Sekretær orienterte om tilsetjing av ny dagleg leiar for Fjellstyra på Hardangervidda AS frå 01.01.2024. Ole Rune Røkenes er tilsett som dagleg leiar. Han skal framleis vera sekretær og fjelloppsyn for Ulvik fjellstyre i tillegg til stillinga som dagleg leiar. Han tiltrer stillinga 01.01.2024.

Vedtak (sak 15/23):

Fjellstyret tok gjennomgangen til orientering.

16/23: Forslag til Forskrift om atferdsreglar og parkering på og ved Tinnhølvegen i Eidfjord kommune

Saksdokument:

- Høyring – Forslag til Forskrift om atferdsreglar og parkering på og ved Tinnhølvegen i Eidfjord kommune.
- Saksutgreiing - Parkeringsforskrift Tinnhølvegen, herunder vedtak frå møte i Eidfjord formannskap den 25.01.2023.
- Forskrift om atferdsreglar og parkering på og ved Tinnhølvegen i Eidfjord kommune

Saksutgreiing:

Eidfjord kommune har utarbeida eit forslagt til parkeringsforskrift for Tinnhølvegen. Denne er ei oppfylgjing av vedteken reguleringsplan for området *Tinnhølvegen med damområdet, planid. 2009002*. Parkeringsforskrifta regulerer parkering og overnatting frå og med Tråstølen, til og med parkeringsplassen på Tinnhølen. Eidfjord formannskap vedtok i møte 25.01.23, å leggje forskrifta ut på høyring. Frist for å koma med innspel og kommentarar er sett til 3. april 2023.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Sekretær orienterte om saka og gjekk gjennom saksdokument. Ulvik fjellstyre støttar framlegget til ny forskrift slik den ligg føre. Ulvik fjellstyre meiner det er positivt at ferdsel og parkering langs Tinnhølvegen vert regulert, også med tanke på villreinen sin bruk av områda ved, og i nærleiken av vegstrekninga.

Vedtak (sak 16/23):

Ulvik fjellstyre støttar framlegg til ny parkeringsforskrift slik den ligg føre. Sekretær sender uttale til Eidfjord kommune innan høyringsfristen 3. april.

17/23: Etablering av stiftinga Redd villreinen

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Ulvik fjellstyre har frå Hardangervidda villreinutval vorte gjort kjent med at det er etablert ei stifting som heiter Redd villreinen. «*Stiftinga skal vere eit uavhengig organ med formål å bevare norsk villrein. Dette bl.a. gjennom å finansiere uavhengig forskning for å fremskaffe nødvendig og relevant kunnskap til bruk i forvaltning av villreinbestandene. Det skal opprettes eit fagråd bestående av uavhengige forskere med kompetanse innenfor ulike fagfelt, knyttet til villreinbiologi, populasjonsøkologi og effekter av dagens villreinforvaltning*». (Ref oppslag i Hardanger Folkeblad).

Referat:

Saka vart drøfta. Saka vil verta handsama på styremøte i Fjellstyra på Hardangervidda AS den 14.04.2023.

Vedtak (sak 17/23):

Ingen vedtak.

18/23: Eventuelt

Referat:

Den 24.04.23 mottok Ulvik fjellstyre frå Hardangervidda villreinutval framlegg til kvote for villreinjakta på Hardangervidda i 2023. Det var einigheit i styret om at framlegg til kvote vart handsama på møtet. Atle Ulgenes (leiar i Hardangervidda villreinutval) gjekk gjennom kvoteframlegget. Dette inneber ei total kvote på 4 000 dyr, fordelt på 3 500 bukk 2,5 år eller eldre, og 500 kalv. Ut frå kvote forventar ein ei felling på opp mot 700 dyr. Vinterstamma er noko mindre enn tidlegare anslått, og dette er hovedgrunnen til at villreinutvalet ikkje anbefalar uttak av simle (simle/ungdyr-kort). Uttak av simler i år vil kunne føre til mindre produksjon av kalvar til neste år, noko som ikkje er ynskjeleg.

Ut frå framlegg til kvote, redegjorde sekretær for antal kort Ulvik fjellstyre vil få tildelt. Ulvik fjellstyre vil få 149 kort, fordelt på 128 bukk 2,5 år og eldre og 21 kalvekort. Sekretær foreslo å leggje ut pakke for innanbygdsjegrar på 2 bukkar + 1 kalv til ein pris på kr. 3 500,-. (Dvs kr 1 600,- for bukkkort og kr. 300,- for kalvekort). Utanbygdsjegrar vil få tilbod om pakke med 2 bukkkort til ein pris kr. 6 400,-.

Ulvik fjellstyre har pr. no ikkje motteke framlegg til villreinkvote for Nordfjella villreinområde. Ut frå signal fjellstyret har fått, ligg det an til at kvote for 2023 vert lik som for 2022, altså totalt 100 dyr. Dette betyr at Ulvik fjellstyre vil få ei kvote (lik som for 2022) på 14 dyr, med fordelinga 7 bukk, 4 simle/ungdyr og 3 kalvar. Etter at Osa/Sævartveit privat har fått 1 løyve, og innanbygdsjegrar har fått sine løyver, vert resterande seld til utanbygdsjegrar. Prisar er som i fjor for innanbygdsbuande: Kr. 1 900,- for bukk, kr. 1 200,- for simle/ungdyr og kr. 600,- for kalv. (Kvart bukkekort har 1 ekstra kalv inkludert i kortet).

Etter at alle løyver er fordelt, vil det iht kvoteforslaget vera få/ingen løyver att. Dersom fjellstyret har nokre løyver att etter fordeling, vil sekretær freista å selje desse til rettighetshavarar for vald andre stader på Hardangervidda.

Løyver som vert tildelt utanbygdsbuande kan berre brukast i Ulvik statsallmenning, dvs sør for Rallarvegen på vald HA291 og HA292, samt Osa/Sævartveit privat sør for Rallarvegen. Dette vil framgå i jegerinformasjon for 2023 som vert sendt ut saman med løyvene.

Innanbygdsbuande i Ulvik som får tildelt jakt på Øvre Numedal statsallmenning (samjakt), kan også bruke løyvene på Osafjellet.

På salssida vil det framgå at ein tek atterhald om storleik og samansetning av endeleg kvote.

Salssida på Inatur vert opna seinast måndag 3. april. Siste frist for søkje om villreinjakt vert sett til tysdag 2. mai kl. 23:59. I tillegg vert det lagt ut informasjon på Ulvik fjellstyre sine nettsider og facebook-side.

Vedtak (sak 18/23):

Ulvik fjellstyre støttar Hardangervidda villreinutval sitt framlegg til kvote for jakta 2023 slik det ligg føre.

Ulvik fjellstyre vedtok framlegg frå sekretær til pakkar og prisar på villreinkorta for Hardangervidda villreinområde og Nordfjella villreinområde, herunder tidsfristar for søknad på Inatur.